



KARMØY
KOMMUNE



Karmøy kommune
Rådhuset
Postboks 167
4291 Kopervik

Åkrehamn 02.11.20

Innspel frå elevrådet ved Åkra skole til høyringsbrev ang forslag til endringar i forskrift om inntaksområder for Åkra skole, Sevland skole, Grindhaug skole og Ådland skole i Karmøy kommune.

Vist barna frå vår skule blir flytta til Grindhaug skole, så kan det bli ei stor utfordring å skaffe seg nye venner. Ingen vil bli skilt frå vennene sine og ingen vil skifte skule. Fleire må sei hadet til dei gamle venene sine og det har ingen lyst til.

Det blir ein farligare skuleveg når dei må krysse hovudvegen. Det er mykje trafikk på hovudvegen når skulen startar og sluttar, og det er spesielt mykje farligare når det begynnar å nærme seg vinter.

Kommunen har bestemt seg for dette forslaget utan å spørje oss elevar som dette vil gjelde for. For mindre sysken som skal begynne på skulen vår, er det nok trist å begynne på ein skule som er lengre vekke enn «vår» skule.

Det blir heller ikkje færre klassar på skulen, bare mindre elevar og lærerar. Me blir ein klasse pr. trinn uansett om skulegrensene blir flytta, så det blir betre plass uansett om me endrar skulegrensene eller ikkje.

Det blir ikkje betre av å flytte oss til ein ny skule, når me blir mindre elevar her på skulen år for år uansett. Det er ikkje bra å flytte elevar til ein ander skule.

Me vil ikkje måtte flytte nokre elevar på Åkra til ein ander skule, men me vil ha ny skule for oss alle, som kan være større. Me har venta fleire år på ny skule som de politikar har lova oss at de skulle kjempa for.

No er det på tide!!!

Ingrid Sophias Håstø
Elevrådsleiar Åkra skole

Bendik Bauge Haugland
Elevrådsvara, Åkra skole



Elevrådet Åkra skole

Besøksadresse:
Bedehusvegen 3
4270 Åkrehamn

Postadresse:
Pb 64
4296 Åkrehamn

Kontakt skulen:
<https://akraskole.karmoy.kommune.no/>
ese01@karmoy.kommune.no
Tlf: 52 81 22 22